



Båten, Kveldsol, lossar bymøk i Stamnesfeta. I styrehuset ser me Knut Stamnesfet.  
Biletet er tatt omkring 1920.

Utlånt av Arnljot Stamnes.

## BYMØK

---

### Bjørg Dæmring Berge.

---

I byrjinga av 1920-åra var det ikkje kunstgjødsel til å ha på bakkar og åkrar. Den husdyrgjødsla ein hadde, måtte brukast i kornåkrar og i potetåkrar. Her frå Stamnes var det båtar som gjekk til Bergen med sand og lossa og selde der. Dei gjekk som oftast tomme heimatt. Så var det nokon som kom på å ta med seg mødding/avfallskompost heimatt frå "bydn". Den komposten vart kalla "bymøk", og vart brukt til gjødsel på bakkane. Me ser enno i dag restar etter denne aktiviteten: Viss me spar i mold og torv, kjem det fram ymse glasskår. Det kan vera alt frå flaskeskår til restar av tallerkar og liknande kjerald. Frametter tidene vart det også funne ymse små raritetar som ungane samla på. Ein stad der ein kan sjå spor etter denne gjødslinga den dag i dag, er i fjæra nedanfor Skipshelleren. Der er det enno mange bitar av ymse kjerald å sjå.



Sølvskei funne bland "Bymøka".

Utlånt av Bjørg Dæmring Berge.